



Forskrift med kriteriar for tildeling av langtidsplass i institusjon eller tilsvarande butilbod i Odda kommune.

Heimel.

Vedtatt i Odda kommunestyre 21.06.2017 med heimel i lov 24.juni 2011 nr 30 om kommunale helse-og omsorgstenester m.m.(helse-og omsorgstenestelova) § 3-2 a, andre ledd, jf.lov av 2.juli 1999 nr 63 om pasient-og brukarrettigheter (pasient-og brukarrettighetslova) § 2-1 e.

Tilsvarande butilbod: Eide omsorgssenter som har 24 timars bemanning. Dersom andre omsorgsbustader får 24 timars bemanning, vil forskrifta og gjelde for dei.

§ 1. Formål

Formålet til forskrifta er å sikre at brukaren får nødvendige og forsvarlege helse-og omsorgstenester, jf.helse-og omsorgstenestelova § 3-2 a, i samsvar med rettighetsbestemmelsane i pasient-og brukarrettighetlova § 2-1 e.

Forskrifta skal bidra til å tydelegjere kriteria for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad, samt å skildre korleis brukaren kan takast vare på i ventetida.

§ 2. Virkeområde

Forskrifta gjeld alle som bur eller oppheld seg i Odda kommune, og som har eit varig, omfattande, døgkontinuerleg pleie-og omsorgsbehov som ikkje kan stettast tilstrekkeleg i eigen heim. Langtidsopphald vert ytt ved ein av kommunen sine sjukeheimar eller ved butilbod med tilsvarande tenester.

§ 3. Grunnlag for vurdering og tildeling

Odda kommune nyttar beste effektive omsorgsnivå (BEON) som prinsipp ved tildeling av tenester og tiltak i omsorgstrappa.

Omsorgstrappa har tenestar på ulike nivå der aukande hjelpebehov blir møtt med aukande og meir omfattande tenestetilbod av ulik art. Tenester på eit lågare nivå skal som hovudregel vera prøvd ut før ein tildeler langtidsopphald på sjukeheim eller ved tilsvarande bustad. Vurdering av behov for helsehjelp skjer via kartleggingsverktøy som IPLOS og interne kartleggings skjema. IPLOS er eit lovpålagt helseregister med data som skildrar bistandsbehov og ressursar til dei som søker eller mottar kommunale helse-og omsorgstenestar.

Ved vurdering tar ein omsyn til:

- A. Helsetilstand
- B. Mental tilstand
- C. Kognitiv svikt
- D. Evne til eigenomsorg
- E. Butilhøve
- F. Nettverk og nettverk si omsorgsevne

Brukaren skal medvirka ved utforming av tenestetilbodet, jf. pasient-og brukarrettighetslova § 3-1.

§ 4 Kriterier for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad.

Hovudkriteriet er at langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad vert tildelt til personar med behov for døgntilgjengeleg oppfølging av medisinsk behandling, pleie og tilsyn som ikkje krev sjukehusinnlegging, men kor behovet for hjelp er uføreseieleg og ikkje kan tidfestas.

Andre kriterier som skal leggjast vekt på ved vurdering for tildeling er:

- A Personar som har behov for langvarige helse-og omsorgstenester gjennom heile døgnet, og der andre tenester har vore prøvd utan å dekke nødvendig og forsvarleg behov for helse-og omsorgstenester.
- B Langtidsopphald skal i hovudsak nyttast for personar over 67 år.
- C Personar med behov for hjelp der nødvendig kompetanse og utstyr for å sikre helseoppfølging og behandling, berre kan gjevast på sjukeheim eller i tilsvarande bustad.
- D Personar i sluttfasen i livet med behov for tilsyn og omsorg heile døgnet.
- E Personar med langt komen demensliding som har behov for tilgjengeleg oppfølging, skjerming og omsorg gjennom heile døgnet.

Personar som bur heime med behov for meir enn 25 timar med kommunale tenester i heimen i veka, der behovet for tenester kan tidfestas, kan vurderast til langtidsopphald.

§ 5 Søknad og vedtak

Tildeling av langtidsopphald skjer på bakgrunn av helseopplysningar, søknad og vurdering av individuelle behov. På bakgrunn av dette vert det fatta eit enkeltvedtak. Søknadsskjema finn du på kommunen sine nettsider eller kan fås ved å venda deg til tildelingskontoret. Søknad sender du til tildelingskontoret, som behandlar og vurderer søknaden og søkar sine behov for tenester. Dersom andre søker på vegne av brukar, må fullmakt frå søker leggjast ved søknaden.

§ 6 Ventelister

Dersom søkar fyller kriteriene for langtidsopphald, men kan få forsvarleg helse-og omsorgstenester i heimen medan han ventar på langtidsopphald, skal kommunen setje søkar på ei venteliste dersom det ikkje er ledig plass. Ved ledig plass skal alle på ventelista vurderast av tildelingskontoret. Ved ledige plassar skal den med størst hjelpebehov ut frå kriteria i § 4 prioriterast. Tildelingskontoret har ansvar for å halde oversikt over personar som ventar, og å vurdera situasjonen løpande.

Det vert rapportert til driftskomite og eldreråd om status for ventelister til sjukeheimplass i mai og desember, som melding.

Oversikt over tal på sjukeheimplassar/tilsvarande butilbod vert ein del av rapporten.

§ 7 Tiltak i påvente av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad

Personar med vedtak og som ventar på langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad, skal få tenester som sikrar nødvendig og forsvarleg helsehjelp i ventetida. Dette kan til dømes vera auka heimesjukepleie, heimehjelp, dagsenter, støttekontakt, omsorgsbustad, korttidsopphald og/eller andre tenester i omsorgstrappa. Personar som mottar hovudomsorga frå sine pårørande, skal få tilbod om avlastande tiltak for særleg tyngande omsorgsoppgåver. Plass ved dag-og aktivitetssenter skal og vurderast.

Ved endring av helsetilstand i påvente av plass, må det gjerast ei ny vurdering.

§ 8 Saksbehandlingstid

Tildelingskontoret skal handtere og avgjere saker utan ugrunna opphald. Dersom det vil ta uforholdsmessig lang tid før ein søknad kan få svar, skal eit forebels svar sendas ut så snart ein kan. I svaret skal det gjerast greie for årsaka til at søknaden ikkje kan verta behandla tidlegare. Dersom det er mogeleg skal ein opplyse om når svar kan ventas. Forebels svar kan sløyfast dersom det vert vurdert som openbertt unødvendig.

Det vert gjeve eit forebels svar om søknaden ikkje kan besvarast innan 1 mnd. etter den er mottatt.

§ 9 Eigenandel

Kommunen krev eigenandel etter forskrift om eigenandel for kommunale helse-og omsorgstenester.

§ 10 Klageadgang

Vedtak kan klagast til Fylkesmannen, jf. pasient.og brukarrettighetslova § 7-2. Klagen skal vera skriftleg, jf. pasient og brukarrettighetslova § 7-3. Klagen skal sendast til tildelingskontoret i Odda kommune som tar den til ny vurdering som første instans. Dersom det ikkje vert gjeve medhald i klagen, skal tildelingskontoret – utan grunna opphald - sende klagen vidare til fylkesmannen for endeleg vurdering og avgjerd.

Klagefrist er 4 veker, og skal gå fram av vedtaket jf.pasient-og brukarrettighetslova § 7-5. For meir opplysningar eller ved behov for å framsette ein eventuell klage, kan tildelingskontoret hjelpe til.

§ 11 Ikraftsetting.

Denne forskrifta er rettskraftig frå 01.07.17.